

AS ARKITEKTKONTORET 4 B
Trolladalen 30

6856 SOGNDAL

Saksnr.
19/338

Sakshandsamar
Hilde Helene Bjørnstad

Dykkar ref.

Dato
07.01.2020

Informasjon om klage på vedtak og utsatt iverksetting

Kommunestyret i Sogndal kommune vedtok *detaljreguleringsplan for gbnr. 85/8 m.fl. Hagestrondi på Fimreite - fritidsbustader* i møte 25.11.2019. Vedtaket vart kunngjort 7.12.2019 med klagefrist 28.12.2019.

Kommunen har motteke fire klagar på vedtaket:

Miljøorganisasjonen Grønn fremtid, dagsett 6.12.2019

Grunneigarar på Fimreite, dagsett 27.12.2019

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, dagsett 28.12.2019

Norsk Ornitologisk foreining avdeling Sogn og Fjordane, dagsett 28.12.2019

Kopi av klagene ligg vedlagd.

Kommunen vil førebu og vurdere klagene snarast mogleg. Dersom vi ikkje finn grunnlag for å endra vedtaket vil klagene bli sendt vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Klagehandsaminga kan føra til at det opphavlege vedtaket blir omgjort. Dette ifølge forvaltningslova § 33 andre ledd.

Utsatt iverksetting

Norsk Ornitologisk foreining avdeling Sogn og Fjordane har i sin klage bedt om utsett iverksetting av vedtaket inntil klagen er avgjort.

Spørsmål om utsett iverksetting handsamast etter forvaltningslova § 42.

Utgangspunktet er at vedtak etter plan- og bygningslova kan settast i verk straks dei er treft og partane er orientert. Når eit vedtak er klaga på, kan likevel underinstansen ta avgjersle om at eit vedtak ikkje skal settast i verk før klagen er endeleg avgjort. Bakgrunnen for regelen om utsett iverksetting er omsynet til rettstryggleiken, ved at det kan hindre at gjennomføring av vedtaket medfører uoppretteleg skade eller tap enten for byggherre eller andre partar.

Vi meiner klagene er av ein slik art at klagehandsaminga ikkje vil bli reell om vi tillét at tiltak vert igangsatt før klagen er endeleg avgjort. Klagene inneheld moment som kommunen meiner er nødvendig å vurdere før løyve til tiltak etter reguleringsplanen kan bli gitt.

Vi har tatt denne avgjerda etter ei førebels vurdering av klagene. Det inneberer ikkje at vi har gjort nokon realitetshandsaming av innhaldet i klagene. Avgjerda om utsatt

iverksetting er ikkje eit enkeltvedtak du kan klaga på etter forvaltningslova sine regler, men du kan eventuelt på eige initiativ ta det opp med Fylkesmannen.

Uttale til klagen

I samsvar med forvaltningslova skal partane i saka gis høve til å kommentere klagen før den blir teke opp til handsaming. Har du kommentarar til klagene ber vi om at du sender dei til oss **innan 13.1.2019**. Etter denne datoen vil vi handsama klagen ut frå dei opplysningane vi har. Vi har sett kort frist fordi vi tek sikte på å få handsama saken i Utval for plan og forvaltning den 23. januar 2019.

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål.

Med helsing
Sogndal kommune

Markus Mohn Werner
leiar plan og forvaltning

Hilde Helene Bjørnstad
planleggjar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.

Vedlegg:

1. Klage frå Miljøorganisasjonen Grønn fremtid, dagsett 6.12.2019
2. Klage frå grunneigarar på Fimreite, dagsett 27.12.2019
3. Brev til politikarane frå grunneigarar Fimreite
4. Fråsegn frå grunneigarar Fimreite
5. Lesarbrief frå grunneigarar Fimreite
6. Klage frå Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, dagsett 28.12.2019
7. Klage frå Norsk Ornitologisk foreining avdeling Sogn og Fjordane, dagsett 28.12.201

Kopi til:

Per Magne Fimreite
Ingmar Fimreite
Odd Einar Fimreite